

---

**Fra:** Øyvind H Oddekalv  
**Sendt:** tirsdag 9. oktober 2018 22.15  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Fwd: Radøyveggar

Videresendt melding:

**Fra:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>  
**Dato:** 9. oktober 2018 kl. 22:13:36 CEST  
**Til:** Vidar Mjøs <[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)>  
**Emne: Re: Radøyveggar**

Hei

Eg takkar for innspelet ditt, med interessant veghistorikk (iallefall planar om veg). Når det gjeld Sambandet Vest (tverrsambandet) er det eit arbeid som pågår uavhengig av Nordhordlandspakken. Arbeidet med ein silingsrapport for eit planprogram til ein kommunedelplan for traseen er i ferd med å leggast ut på anbod.

Mvh  
Øyvind H Oddekalv  
ordførar, Meland kommune  
91317450

Sendt fra min iPhone

5. okt. 2018 kl. 15:27 skrev Vidar Mjøs <[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)>:

Ordførar :

Eit interessant tilsvar i dagens Stril, med vermelding : frisk bris, truleg aukande.

I kjølvatnet av ei havarett reguleringssak i Radøy (Fløholmen AS på Kvalheim) har eg fatta ei viss interesse for Radøyvegane.

Etter mitt skjønner bør ein konfrontera Statens vegvesen med kommuneplanen frå 1972, utarbeidd av Viak med (mellom andre) seinare minister Arne Skauge som aktør, og spørja

- kvifor vegen frå Fosenstraumen over Straume – som etter planen skulle kryssa Nordangervågen inn mot ei sentralline over Radøy – enda på Soltveit
- kvifor denne avsporinga deretter (på 90-talet) vart lagt til grunn for den ikkje gjennomførbare kommunedelplanen for vegsystemet over Radøy som no er gøymd unna i Statsarkivet, men likevel lagt til grunn for regulering og no bompengefinansiering av eine tredelen. Av dokumenta framgår at fylkesmannen og fylkeskommunen m. fl. gjekk sterkt mot denne planen, som seinare har avla andre urealistiske vegplanar (Hardangerbru over Radfjorden osv.)

Ein bør kanskje no sjå Radøyvegane i samanheng med alternative (og langt rimelegare) tverrsamband mellom Mongstad og Sture/Kollsnes over Radøy nord som også kan forsyne interessante næringslokaltetar langs Hjeltefjorden. Tverrsambandet (langs den nye kraftlina) bør – i eit regionalt beredskapsperspektiv – kunna finansierast med oljepengar - i kombinasjon med nemde sentralline.

Mvh  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
mob 907 88 921